

Plan- og utviklingsetaten

Næringsavdelinga

Det kongelige Landbruksdepartement
Postboks 8007 Dep
0030 Oslo

Journal nr. : 2004 - 306
Dykkar ref : 200303044-
Arkiv : V 7
Dato : 05.03.04
Sakshandsamar : K. Ø. Berg
Direkte telefon : 61 29 92 53
E-post : kjell.oyvind.berg@sor-
fron.kommune.no

HØYRINGSUTTALE TIL NY SKOGLOV

Vedlagt oversendast kopi av sak nr. 021/04 som vart handsama av plan- og utviklingsutvalet i møte den 1. mars 2004.

Med helsing

Kjell Øyvind Berg
Skog – og utmarkskonsulent

Vedlagt:

P & U – sak 021 / 04: Høyrings sak, Forslag til ny lov om skogbruk (skoglova)

HØYRINGSSAK FORSLAG TIL NY LOV OM SKOGBRUK (SKOGBRUKSLOVA)

Bakgrunn:

Ei ny lov om skogbruk vart varsla i St. meld. nr. 17 (1998 – 99) Verdiskaping og miljømoglegheiter i skogsektoren (Skogmeldinga) Den nye Lova om skogbruk skal erstatte *Lov om skogbruk og skogvern av 21. mai 1965.*

4. desember 2003 sendte Landbruksdepartementet (LD) ut forslag til ny skogbrukslov på høyring. Høyringsfristen er 15. mars 2004. .1

Sjølve Høyringsdokumentet er på 75 sider og dermed ikkje vedlagt saka. Bare utkastet til lovteksta. .12

I samband med høyringa gjer departementet særleg merksam på følgjande:

” Lovutkastet omfattar forslag om heimlar for forskrifter for m a omsyn til miljø og for forynging av skog. Det er ynskjeleg at høyringsinstansane og gir sitt syn på aktuelt innhald og detaljeringsgrad i slike foreskrifter.”

Vurdering:

Lovutkastet er ei modernisering og forenkling av gjeldande lov. Talet på paragrafar er redusert frå 58 til 22. Sjølve lovforslaget, slik den ligg føre, gjev rammer for korleis skogbruket skal drivast, men teksta inneber ikkje omfattande detaljstyring av næringa. Høyringsnotatet presiserar at lova framleis skal vere ei næringslov. Eit tankekors kan vere at lovforslaget opnar for mange moglegheiter for å lage nye føreskrifter, deriblant ”miljøforskrift”. Kor forenkla det nye lovverket til slutt vert, står dermed at å sjå.

Ikkje alle paragrafforslaga vert gått gjennom.

§ 1, føremålsparagrafen, gjev mykje av det same som er i gjelande lov. At omsynet til kulturverdiar også er nemnt her, er nytt. Inntrykket er likevel at miljøomsyna hev fått nok plass.

§ 2, Virkeområde for lova

Denne kan oppfattast missvisande. Sakshandsamar oppfattar denne som om det gjeld all skog, også innan område freda etter naturvernlova. Meininga er vel ei anna ? Her må det skrivast om for å unngå uklære tilfelle.



§ 3. Skogbruksstyresmakt:

Gjeldande skogbrukslov nyttar omgrepet "skogoppsyn" som ei samleining for dei organ som tek avgjersler etter lova. Å omgjere dagens namn til "skogbruksstyresmakt" gjev eit tungvint og langt ord. Samstundes er dette vurdert til å vere like negativt "ladd" som LD hevdar "oppsyns" namnet er.

"Skogoppsynet" er eit innarbeid og velfungerande uttrykk som dei fleste kjenner til og bør såleis førast vidare. "Skogforvaltninga" kan og nyttast som felles nemnar på dagens Skogoppsyn. Mattilsynet og Statens Naturoppsyn er relativt nyoppretta "syn". Argumentasjonen klargjer ikkje Statens haldning.

§ 4. Skogeigar sitt forvaltaransvar

Under handsaminga av *Skogmeldinga* uttrykte Stortinget viktigeita av at ny skoglov vert ei næringslov der prinsippet "fridom under ansvar" vert vidareført. Gjevne paragraf plasserer det overordna ansvaret på skogeigar og gjev ingen tvil om at skogeigaren sjølve skal sørge for berekraftig bruk etter gjelnde reglar.

Etter lovforslaget vil kommunen på same måte som i dag ha moglegheit for å nekte eller setje vilkår for hogst og andre tiltak for å hindre negative effektar på miljøverdiar.

Innunder denne paragrafen vert det opna for innføring av miljøforskrift. Departementet tek sikte på å fastsetje ei slik miljøforskrift parallelt med den nye lova. Høyringsinstansane skal og gjeve uttrykk for innhaldet i ei slik føreskrift.

I 1998 – 1999 var det ein debatt om at miljøomsyna i skogbruket burde ivaretakast av det offentlige gjennom ei miljøforskrift, eller om ei sertifiseringsordning basert på Levande Skog – standardane var å føretrekkje. Dei fleste av næringa sine aktørar gjekk inn for det siste, og dette vart og resultatet. Stortinget avviste departementet sitt forslag til miljøforskrift. I dag er så godt som heile skogarealet vorten miljøsertifisert. Ein revisjon av Levande skog - standardane ligg og føre.

Det kan i utgangspunktet verke fornuftig at også den offentlige miljøpolitikken inneheld detaljerte miljøkrav som den friviljuge miljøsertifiseringa kan byggje på. Likevel - dersom departementet tenkjer seg ei detaljert miljøforskrift så vil dette undergrave næringa sitt eige sjølvpålagde miljøansvar og svekkje framdrifta i skognæringa sitt eige miljøarbeid. Ein situasjon der det oppstår ein "konkurrans" mellom næringa sjølve og det offentlige om å ha dei "beste reglane", gjev og på sikt dårlegare og meir byråkratiske rammevilkår for heile næringa.

Innhald og detaljeringsgrad i ei eventuell miljøforskrift vert ikkje ytterlegare kommentert fordi det er vanskeleg å sjå at ei slik trengst. Kommunane sin kapasitet til å følgje opp kan og diskuterast.

§ 6. Forynging og stell av skogen

Denne paragrafen inneber ei skjerping og konkretisering i høve dagens reglar når det gjeld foryngingsplikta. Forslaget inneber ein 3 års frist for å leggje til rette for tilfredsstillande forynging. Samstundes vert det gjeve heimel for raskare og meir effektiv reaksjon frå myndigheitene si side dersom foryngingsplikta ikkje vert fylgt opp.



Tradisjonane for forynging (skogplanting) er gode i Sør – Fron (gj snitt 80 000 pl pr år), og noko stort problem kan ein ikkje sjå at manglande tilplanting er her. Vurderinga er likevel at klårare retningslinjer for kva som ligg i foryngingsplikta vil gagne skogbruket på sikt. For å gjere lova endå meir presis bør og plikta til å følgje opp med ungskogpleie konkretiserast like tydeleg som foryngingsplikta. Skjøtta areal av ungskogfelt er redusert dei siste åra. Effekten av tilplanting vert ikkje optimal dersom ikkje påfølgjande skjøtsel vert følgd opp.

§ 9. Førebyggjande tiltak

Her vert omhandla førebyggjande tiltak i høve masseangrep på skog av insekt og sopp. Vidare ynskjer LD høyringsinstansane sitt syn på om det er turvande med reglar i den nye skoglova sett i høve beiteskader frå hjorteviltbestandar, og om eventuelt innhald i slike reglar.

I utgangspunktet er det bra at denne problemstillinga vert trekt fram. Foryngingsproblematikken i elg – og hjortetette område er reell fleire stader. Vinterbeiteområda i Murudalen er nærliggjande å tenkje på her. Den lovpålagde foryngingsplikta er vanskeleg å etterleve i slike område. Lovtekstforslaget gjev i parentes at LD føreslår at kommunane kan fastsetje ei tolegrense for beitetrykket.

Viltlovgevinga burde i utgangspunktet klare å regulere bestandsstorleikane i forhold til beitegrunnlaget. At hjorteviltet og representerar såpass med økonomiske verdiar gjev naturleg at ynskje om mest mogleg dyr er stort blant eit fleirtal av rettighetshaverane. Å finne den rette balansen vert vanskeleg då interessene kan vere motstridane.

For å betre ha moglegheitene til å balansere forholdet mellom vilt -, beite – og skogproduksjon bør kommunane ha moglegheit til å påverke dette også gjennom skoglova. Det må utarbeidast klåre retningslinjer og rasjonelle metodar på korleis beitetrykk vert definert og korleis sakene skal handterast i høve viltlovgevinga.

§ 11 meldeplikt

Denne føresegna er ei vidareføring av ordninga med meldeplikt etter § 19 i gjeldande skogbrukslov. Om ein kommune til dømes finn det naudsynt å innføre meldeplikt for å halde fokus på miljøverdiane samstundes som den vil auke innsatsen og rådgjevinga knytt til skogbruk som næring, må føresegna kunne nyttast. Dette er greitt nok. Departementet hev diskutert internt om lova skulle ha ein frist som kommunane måtte handsame meldingane innføre, slik at tiltak kunne starte opp om ein ikkje fekk noko attendemelding frå kommunen. Dette meiner dei ikkje er forsvarleg.

For å unngå unødvendig byråkratisering bør det vere slik at dersom ikkje skogeigar får attendemelding frå kommunen innan 3 veker, så kan tiltaket setjast i gong.

§ 14. Innbetaling til skogfond

Skogavgiftsordninga vert føreslått vidareført utan vesentlege endringar, men skal endre namn til skogfond. Dette er rett, då avsetjing av tømmeroppgjer til reinvestering i eigen skog, mange gonger med skattefordel, ikkje kan sjåast på som ei avgift.

Departementet skal bestemme minste satsen til fondsavsetjinga, men den skal ikkje vere lågare enn 2 %. Skal føreslegne intensjonar i skoglova følgjast, m a med



oppfølging av foryngingsplikta, er ei avsetjing på 2 % for lite. Dagens gjeldande minstesats på 4 % gjev for lite investeringsmidlar i høve oppfølging av til dømes skogkultur (plantekostnad + ungsogpleie). Her avslører LD ein logisk glipp i høve den elles offensive haldninga høyringsdokumentet gjev uttrykk for.

Skal det verte for mykje inneståande på skogfondet vil kommunen kunne frigjeve midlar etter søknad (§ 15). For best mogleg lokal tilpassing meiner ein det er mest rett at kommunane avgjer minstesatsen på fondsavsetjinga. Sekundært i alle fall i særlege tilfelle om det skulle førekome ekstra ille tilfelle av forsøming.

§ 21. Straff og tvangsgebyr

Gjeldande lov sin § 52 inneber at lovbrøt ikkje vert påtala utan etter krav frå Skogoppsynet. Departementet meiner at denne føresetnaden for straffeforfølging ikkje samsvarer med prinsipp i tida om ope forvaltning, innsyn og medverknad, og at den ikkje bør bli ført vidare i ei ny lov.

Ein ser her ein fare for at skogeigarar heilt uforskyldt kan hamne i situasjonar som ikkje er reelle og som kan verke meiningslause grunna vikarierende motiv. Generelle motførestillingar og haldningar til skogbruk kan medføre resurskrevjande situasjonar som ingen er tente med å hamne i. Med dette er det å sjå føre at det er kommunane som bør take avgjersle om eventuelle brot på skoglova skal meldast.

Endringar i anna lovverk

Departementet føreslår at føresegnene om ” omlagging av skogsmark til annet øyemed”, slik desse no er nedfelt i §§ 50 og 51 i gjeldande lov, ikkje vert ført vidare. Samanstilt med omdisponering føreslår departementet ei samordning og forenkling ved at skog vert fletta inn i § 9 i Jordlova.

Å ikkje trekkje inn omdisponeringsspørsmål av skog i skoglova verkar uryddig og forvirrande. Utifrå høyringsnotatet og oversikta si skuld ser ein det hendsiktsmessig at Jordlova og Skoglova kan ha likelydande paragrafar i omdisponeringsspørsmål.

Skogadministrasjonen i kommunane

Kommunane skal no take avgjersler og følgje opp som førsteinstans i dei fleste saker etter den nye skoglova. Skogansvaret til kommunane vert dermed endå større enn til no hev vore. Med det er det å forvente at det vert tilrettelagt frå sentralt hald slik at kommunane kan ha kompetanse og kapasitet til å klarer å følgje opp den nye skoglova.



Administrasjonen vil tilrå at plan- og utviklingsutvalget gjør slikt

VEDTAK:

Plan- og utviklingsutvalet i Sør - Fron gjev følgjande høyringsuttale til ny Skoglov:

1. Lovutkastet er meint som ei modernisering og forenkling av gjeldande lov. Dette er positivt utgangspunkt. Eit tankekors er at lovforslaget opnar for mange moglegheiter for å lage nye føreskrifter, deriblant "miljøforskrift".
2. § 2, om virkeområde for lova må skrivast om. Den forvirrar meir enn den klargjer.
3. "Skogoppsynet" er eit innarbeid og velfungerande uttrykk som dei fleste kjenner til og bør såleis førast vidare. "Skogforvaltninga" kan og nyttast som felles nemnar på dagens Skogoppsyn.
4. Innhald og detaljeringsgrad i ei eventuell miljøforskrift vert ikkje ytterlegare kommentert fordi det er vanskeleg å sjå at ei slik trengst.
5. For å gjere lova endå meir presis bør og plikta til å følgje opp med ungskogpleie konkretiserast på same nivå som foryngingsplikta.
6. For å ha moglegheitene til å balansere betre forholdet mellom vilt -, beite - og skogproduksjon bør kommunane ha moglegheit til å påverke dette også gjennom skoglova.
7. For å unngå unødvendig byråkratisering bør det vere slik at dersom ikkje skogeigar får attendemelding frå kommunen innan 3 veker, så kan tiltaket setjast i gong.
8. Skal føreslegne intensjonar i skoglova følgjast opp, m a med oppfølging av foryngingsplikta, er avsetjing på 2 % til skogfondet altfor lite. Her er ein logisk glipp i høve den elles offensive haldninga LD gjev uttrykk for i høyringsnotatet. For best mogleg lokal tilpassing meiner ein det er mest rett at kommunane i samråd med lokale faglag o l avgjer minstesatsen på fondsavsetjinga.
9. Det er å sjå føre at kommunane skal take avgjersle om eventuelle brot på skoglova skal meldast.
10. For m a oversikta si skuld ser ein det hendsiktsmessig at Jordlova og Skoglova har likelydande paragrafar i høve omdisponering av skog til anna føremål.
11. Skogansvaret til kommunane vert endå større enn til no hev vore. Med det er det å forvente at det vert tilrettelagt frå sentralt hald slik at kommunane kan ha kapasitet til å klarer å følgje opp den nye skoglova på tilfredsstillande vis.

Sør-Fron den 18.02.2004



Kjell Rønn
Sign.

Sakshandsamar: Skog – og utmarkskonsulent Kjell Øyvind Berg

Vedtak: (samrøystes) Som tilråding frå administrasjonen.

Plan- og utviklingsutvalet i Sør - Fron gjev følgjande høyringsuttale til ny Skoglov:

1. Lovutkastet er meint som ei modernisering og forenkling av gjeldande lov. Dette er positivt utgangspunkt. Eit tankekors er at lovforslaget opnar for mange moglegheiter for å lage nye føreskrifter, deriblant "miljøforskrift".
2. § 2, om virkeområde for lova må skrivast om. Den forvirrar meir enn den klargjer.
3. "Skogoppsynet" er eit innarbeid og velfungerande uttrykk som dei fleste kjenner til og bør såleis førast vidare. "Skogforvaltninga" kan og nyttast som felles nemnar på dagens Skogoppsyn.
4. Innhald og detaljeringsgrad i ei eventuell miljøforskrift vert ikkje ytterlegare kommentert fordi det er vanskeleg å sjå at ei slik trengst.
5. For å gjere lova endå meir presis bør og plikta til å følgje opp med ungskogpleie konkretiserast på same nivå som foryngingsplikta.
6. For å ha moglegheitene til å balansere betre forholdet mellom vilt -, beite – og skogproduksjon bør kommunane ha moglegheit til å påverke dette også gjennom skoglova.
7. For å unngå unødvendig byråkratisering bør det vere slik at dersom ikkje skogeigar får attendemelding frå kommunen innan 3 veker, så kan tiltaket setjast i gong.
8. Skal føreslegne intensjonar i skoglova følgjast opp, m a med oppfølging av foryngingsplikta, er avsetjing på 2 % til skogfondet altfor lite. Her er ein logisk glipp i høve den elles offensive haldninga LD gjev uttrykk for i høyringsnotatet. For best mogleg lokal tilpassing meiner ein det er mest rett at kommunane i samråd med lokale faglag o l avgjer minstesatsen på fondsavsetjinga.
9. Det er å sjå føre at kommunane skal take avgjersle om eventuelle brot på skoglova skal meldast.
10. For m a oversikta si skuld ser ein det hendsiktsmessig at Jordlova og Skoglova har likelydande paragrafar i høve omdisponering av skog til anna føremål.
11. Skogansvaret til kommunane vert endå større enn til no hev vore. Med det er det å forvente at det vert tilrettelagt frå sentralt hald slik at kommunane kan ha kapasitet til å klarer å følgje opp den nye skoglova på tilfredsstillande vis.



